
Fra: Postmottak Radøy
Sendt: 16. juni 2015 14:48
Til: Bente Kopperdal Hervik
Emne: VS: Frivillige lag og organisasjonar kan no søkje om momskompensasjon

Fra: Steinar Hatlestad [<mailto:sth@lottstift.no>]
Sendt: 16. juni 2015 14:22
Kopi: Steinar Hatlestad
Emne: [BULK] Frivillige lag og organisasjonar kan no søkje om momskompensasjon

Vi ber om at denne meldinga blir sendt vidare til rette vedkommande, og eventuelt lagt ut på dykkar nettsider.

Til kulturavdelinga i din kommune

Lotteri- og stiftelsestilsynet skal fordele 1,2 milliard kroner i momskompensasjon til frivillige lag og organisasjonar i 2015.

Mange som ikkje søker

Erfaring frå tidligare år viser at det finns mange lag og organisasjonar som ikkje søker om momskompensasjon. Dette er ofte lokale eller regionale ledd under sentrale frivillige organisasjonar som for eksempel Norges Idrettsforbund (NIF), 4H Norge, Norges Musikkorpsforbund, Norges Røde Kors og Norges Jeger- og Fiskeforbund. Slike såkalla underledd skal sende inn søknad gjennom sentralleddet sitt. Søknader frå underledd som kjem direkte til Lotteri- og stiftelsestilsynet bli avviste.

Vi ønskjer å nå fleire

Det er også en del enkeltstående lag og organisasjonar som ikkje søker, for eksempel organisasjonar som driv frivillig arbeid innanfor innvandrargrupper og andre lokale foreiningar. Vi prøver difor å nå ut til desse gjennom kommunane og fylkeskommunane, og ber om hjelp til å formidle informasjonen i denne e-posten til lag og organisasjonar i din kommune/distrikt.

De kan lese meir om regelverket for momskompensasjon til frivillige organisasjonar på nettsidene våre www.momskompensasjon.no. Her finn du også [søknadsskjema](#). Dersom de lurar på noko, ta kontakt med oss pr. e-post postmottak@lottstift.no eller telefon 57 82 80 00.

Minstegrensar

For enkeltstående søkjarar er det minstegrensar. Etter den forenkla søknadsmodellen er minstegrensa 200 000 kroner i totale driftskostnader, mens minstegrensa etter dokumentert søknadsmodell er

14 000 kroner i meirverdikostnader som det kan søkast kompensasjon for.
Underledd treng ikkje å ta omsyn til minstegrensene fordi dei er med i søknaden frå sentralleddet.

Søknadsfristar

Frist for å søkje til Lotteri- og stiftelsestilsynet er **1. september 2015**.

Sentralledd har eigne fristar for rapportering frå underledda sine. Sjå den aktuelle organisasjonen sine nettsider, eller ta kontakt med sentralleddet for nærare informasjon.

Med helsing



Tlf: 57 82 80 00

E-post: postmottak@lottstift.no

www.lottstift.no

Følg oss:   